



Maria MalmstenMaria i heime-miljøet på Stord. (Foto: Ola Matti Mathisen)

"Røysterett for alle" får fargerik dirigent

Torsdag kveld møter "Røysterett for alle" den nye dirigenten sin i Herøysund og det vert eit spanande møte. For Maria Malmsten (42) er ikkje nokon heilt vanleg dirigent.

Ho er fargerik, frekk og frodig. I tillegg er ho kreativ, inspirerende og kunnskapsrik, vart det sagt til **uskedalen.nofor** vi møtte henne i heimemiljøet på Stord. Det er nok karakteristikkar som står seg. Men Maria er enda meir enn det.

Skal vi driste oss til å nytta geologen sitt språk, er ho ikkje berre eruptiv, ho er ein heil vulkan åleine!

Frå arbeidarmiljø i Jämtland

I sine flagrande, fargerike gevantar minnar ho mest om ei flammencodanserinne frå Sevilla på kaien ved Skjersholmane. Og så syner det seg at ho er frå noko av det mørkaste av Sverige, Sønnsjøbygda sju mil nord for Østersund. Heimbygda ligg i Jämtland, men Maria er snar til å presisera at hennar del av lenet aldri har vore norsk!

Ho kjem frå eit arbeidarmiljø – faren dreiv i skogen og seinare på fabrikk.

Forbi huset hennar flaut det store tømmermengder då ho var ung.

- I slekta mi er det mest fløyttarar og rallarar. Men det er ikkje lett å leva av konstnarleg arbeid der oppe. Folkeslaget er traust og jantelova høg, seier Maria..

Eigentleg var hennar mål å arbeida med dyr og om sommaren gjekk ho ofte i fjøset.

Men før ho var 20 var ho solist i eit jentorkeband og seinare deltek ho i ei visegruppe.

- Eg har fire ting som eg kan plassera under vignetten lidenskapar. Det er dyr, musikk, plantefarga tekstilar og museale hus, oppsummerar Maria.

Etter den vidaregåande skulen tok ho eit tilleggsår i garn og veving. Men ho hadde hatt privat pedagog i sang og drama og etterkvart vart det meir og meir musikk. På Birka Folkhøgskola i Østersund, der ho gjekk i to år, var det mykje klassisk sang og folkemusikk.

Så søkte ho om opptak på Gøteborg Musikhøgskola eller Bergen Musikk-konservatorium. Under prøveveka i Bergen i 1986 gjekk det svært godt. Prøvene i Gøteborg vart spolert av sjukdom.

Dermed vart det Bergen og det var rett, for byen bergtok henne. I 1989 var ho ferdig med utdanninga. Då var ho også bergteken av ein kjekk gitarist og lærar, som heitte Einar Vagleik Steinkopf. Dei vart gifte og er det framleis og saman har dei seks born. Tre av dei er no så gamle at dei kan spela noko.

Å flytta må vera ein slags hobby – Maria har til no flytta 30 gongar!

Livet i Sunnhordland

Men kvifor kom paret til Stord når dei var så hekta på Bergen? Grunnen var at Einar fekk fast jobb på den vidaregåande skulen. Etterkvart fekk Maria også nok å gjera i området, til dømes på lærarhøgskulen, den vidaregåande skulen og musikkskulen i Kvinnherad.

Og så har Maria dreve mykje med kombinasjonen av forteljingar og sang, først saman med Tutta Laukholm og seinare saman med Johanne Øvstebø Tvedt, bae knytta til museet på Stord. Dei har mellom mange stader vore innom Rosendal og 15. september står Nistovetunet i Omvikdalen for tur.

- Vår ambisjon er å levendegjera historia, ikkje minst kvinnene, forklarar Maria.

Kor medlemmene må vera aktive

Lista over hennar arbeidsoppgåver er utruleg lang når ein tenkjer på at ho har fått seks born og at ho og har vore musikk lærar på Færøyane eitt år. I dette distriktet har ho dirigert barnekor, ungdomskor, skulekor, damekor, mannskor og blandakor. Til dømes hadde ho Leirvik Mannskor i over fire år og ho har og leia Husnes Blandakor ein stuttare periode.

I 1998 starta ho Raudt Kor på Stord, eit sosialistisk kor som framleis syng, og i fjor starta ho Corona Verdande, eit rennessansekor med berre damer.

Men aller mest har ho gjort som frilans-songar saman med pianistar, gitaristar og som korsolist .

- Korleis vil du karakterisera deg sjølv som korleiar?

- Eg er fleksibel, energisk og har pågangsmot. Men når eit kor blir ståande i stampe blir eg trøtt.

Kor medlemmene må vera aktive, stille krav til seg sjølve og arbeide mot eit mål. Kva slags type musikk dei satsar på er eg ikkje så oppteke av, sjølv om mine favorittar er rennessansemusikk og folkemusikk.

På mange måtar er eg uortodoks, Eg jobbar mykje med oppvarming, klang og stemmebruk og prøver å finna fram til eit særpreg. Men hvis koret allereie har eit særpreg, må det berre halda fram med det!

- Kvifor valde du "Røyterett for alle"?

- Eg fekk ikkje nokon jobb i den vidaregåande skulen i år og ringte rektor på musikkskulen i Rosendal. Han hadde ein dirigentstilling ledig – og den sa eg spontant ja til. Eg gler meg verkeleg til å møte dette koret. Framom

alt har dei det beste kornamn eg har høyrte. Eg har også høyrte berre godt om koret, sangarane skal vera positive og opne.

Turid Anne Ruste har gjort ein god jobb og det skal bli spanande og krevande å fylgja opp.

Mi meining er at alle kor har trong for eit dirigentskifte frå tid til annan, gjerne kvart tredje år.

Dei treng og nye impulsar i form av seminar, gjestedirigentar og arbeidsoppgåver saman med andre.

- Eg gjer mykje av meg!

- Eg gjer mykje av meg, og har gjort og gjer ting som kan oppfattast som kontroversielle, svarar Maria når vi spør om korleis ho er blitt motteke i lokalsamfunnet.

Ho trekker fram ein fredsdemonstrasjon og ein bossaksjon som døme.

- Men viss folk reagerer på noko eg seier eller har på meg, bryr eg meg ikkje om det, forsikrar ho.

– Men når ein har seks barn, skal ein liksom vera på ein viss måte, legg ho til.

Maria kan bekrefte ei historie som går om at ho kvitta seg med dei fleste kleda under ei korøving.

- Eg er veldig varm og ein gong vart eg nesten ståande netto framfor eit kor før eg sansa meg, seier ho.

Men det bør og komma fram at ho har ein viss profesjonell trening i å kle av seg – ho har stått akt i 20 år!

Om ho er svært systematisk når det gjeld musikk og stiller strenge krav til eige arbeid, har ho problem med praktiske ting.

- Eg kan ikkje planlegge ting på lang sikt og eg kan ikkje noko med moderne datateknikk. Når eg ser mange knappar får eg trong for å gå på do, seier Maria.

Av Ola Matti Mathisen